



3 lastebåtar gøymde seg inne i Hardangerfjorden då tyskarane okkuperte Noreg i 1940. Det var Stensaas ved Nordrepolen, Neptun ved Varaldsøy og Tindefjell i Uskedalen. Dei var liggjande her frå 9. april til 1. juni. No jobbar Trond Ramsøy og Lars Børge Seberg med temaet og dei er sterkt interessert i å veta om nokon tok bilete av båtane under krigsopphaldet. Dei som har bilete kan ringja 481 18434.

Tindefjell tilhørde rederiet Olsen og Ugelstad og låg ved Eikelandet, nærare bestemt ved Trelastlageret.

Bjørgulv Eik, som den gongen var 7 år, hugsar båten og mannskapet godt. Mannskapet var redd for at tyskarane skulle bomba dei og difor overnatta dei i løa til Oskar Eik,
- Eg hugsar at dei kom ut av løa og røykte, seier Bjørgulv.

Opphaldet til båt og mannskap vart heldigvis udramatisk.

Tekst og NETT: Ola Matti Mathisen